

## GRØN ØKONOMI

I ein overgangsperiode der fornybar energi gradvis erstattar fossil energi, må me jobbe for å erstatta oljebaserte arbeidsplassar som går tapt grunna lågare aktivitet i næringa.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo ynskjer å leggje til rette for grøn innovasjon.

- Leggje til rette for at folk kan ta ut meir fritid og ha kortare arbeidstid framfor auka løn
- Fjerne moms på gjenbruk og reparasjon
- Ha mål for nye grønne arbeidsplassar og etablering av miljøvennleg næringsliv
- Gjere det attraktivt for verksemder med lokalt eigarskap å etablera seg i Bømlo
- Arbeide for at klimapartnersamarbeidet i Hordaland held fram og utvidar
- Dreie offentlege innkjøp frå billegaste løysing til løysingar som er best for framtida

## KVEN ER DEI GRØNE?

Miljøpartiet Dei Grøne har eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse som mål. Økonomien skal underordnast sunne og berekraftige prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt.

## KANDIDATANE VÅRE VED LOKALVALET 2015

1. Kåre Spissøy (Mosterhamn)
2. Siri Steinsvik (Finnås)
3. Glenn Atle Larsen (Bremnes)
4. Øystein Grønnevik (Rubbestadnes)
5. Eli Tverborgvik (Bremnes)
6. Knut-Tharald Meling (Bremnes)
7. Cathrine Vassnes Torget (Urangsvåg)
8. Freda Charlotte Kurth (Finnås)
9. Åsmund Nesse (Bremnes)
10. Helene Spissøy (Mosterhamn)
11. Øyvind Landmark (Mosterhamn)

[www.mdg.no](http://www.mdg.no)



**miljøpartiet  
dei grønne**

**bømlo**



**EIT GRØNT OG  
FRAMTIDSRETTA  
BØMLO**



## KLIMA, MILJØ OG NATURVERN

**Miljøpartiet Dei Grøne vil gje Noreg ei fornybar framtid. Bruk av olje, gass og kol står i dag for hovuddelen av dei menneskeskapte klimaendringane, og vil ikkje kunne vere grunnlaget for ei framtidig berekraftig forvaltning av jorda.**

- Ha ein gjennomgåande grøn og berekraftig politikk
- Utbetra eksisterande vegnett i staden for bygging av nye trasèar
- Arbeida for ein nullvisjon for nedbyggjing av matjord.
- Arbeida opp mot fylke og stat for å halda på fordelane med elbilar
- Byggja ut gang- og sykkelveggar/fortau slik at alle får ein trygg skuleveg på Bømlo.

## LIVSKVALITET

**Me vil leggja til rette for at lokalsamfunna på Bømlo skal ha livskraft og vera gode stader å bu.**

---

*"Eit sjølvstendig Bømlo med fokus på bygdeutvikling"*

---

- Sei nei til kommunesamanslåing
- Arbeida for å behalda alle skular og barnehagar i Bømlo.
- Leggja til rette for meir og variert fysisk aktivitet i grunnskulen
- Setje fokus på førebyggjande helsearbeid
- Etablera ein sterk og omfattande Frisklivsentral
- Lokalbaserte politi- og lensmannskontor
- Sikre gode vilkår for Bømlo Kulturhus
- Styrke kapasiteten i kulturskulen
- Bruke lokale kunstnarar og designarar i profilering av kommunen sine eigne arrangement
- Leggje til rette for rimelege øvingsrom til lokale musikarar
- Støtte lokale festivalar



Foto: Kari Rydjord

## LANDBRUK OG HAVBRUK

**Me ynskjer eit levande landbruk lokalt og vil vera med å leggja til rette for bonden på Bømlo.**

- Arbeida for ein nullvisjon for nedbyggjing av matjord.
- Auka talet på aktive bruk på Bømlo ved å leggje betre til rette for og støtte bønder og småbrukarar
- Arbeide for strengare krav til oppdrettsnæringa, der eit alternativ er lukka anlegg
- Fremje lokal produksjon av mat ved å styre offentlege innkjøpsavtalar mot lokale leverandørar og lokal produksjon
- Leggja til rette for meir parteigarlandbruk og kolonihagar